



Kjell Magne Haugland har søkt om å få riva dette huset, men må venta lenge på svar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Byggesakskontoret i kommunen har for tida stor saksmengd og pågang av nye saker. Difor må Kjell Magne Haugland rekna med ei ventetid på inntil 12-16 veker før saka hans vert vurdert og handsama, skriv sakshandsamar Jon Harald Kjærland til Haugland. Alle som vender seg til kommunen skal få eit førebels eller endeleg svar innan tre veker - utifrå forvaltningslova.

Haugland har søkt om rammeløyve for å rive det gamle våningshuset på familiegarden Klammaren. Dottera Merete skal overta garden i nær framtid, men huset er i ein så dårleg forfatning at familien ikkje vil gå inn for å restaurera eller rehabilitera det og eventuelt byggja på det. Det er også i minste laget for ein stor familie.

Dei ønsker difor å byggja eit nytt våninghus på same tomta, men må altså venta i kanskje fire månadar på eit svar frå kommunen.

Haugland opplyste i søknaden sin at han også har teke saka opp med landbrukskontoret og fått positiv attendemelding.

Av Ola Matti Mathisen